

Referat frå foreldremøtet på 3. og 4. trinn onsdag 1.oktober 2014

Møtet vart halde i klasserommet til 3./4. trinn.

12 heimar var representerte på møtet.

1. Skule – og klassemiljø

3. og 4. klasse er ei grei gruppa å arbeida med. Det er positive, lærevillige elevar som går godt i lag. Det er lite konfliktar både i friminutt og i timar.

Det virkar som elevane er flinke til å ta vare på kvarandre. Visjonen vår «Me bryr oss» prøver me å minna kvarandre om. Her er det særleg viktig at elevane ser kvarandre i friminuttane slik at ingen vert gåande åleine.

I byrjinga av skuleåret brukte me ganske mykje tid på å repetera ordensreglane for skulen, og me har brukt ein god del tid på å laga og læra klasseromsreglane. Etter at det arbeidet var gjort, har me hatt stort fokus på å få desse reglane til å verta ein del av kvardagen vår. Målet er at elevane skal vita kva skulen forventar av dei, og at dei sjølv kjenner kjørereglane for skulekvardagen. Her føler eg at me er på god veg.

2. Leseopplæring – SOL informasjon

Austebygd skule har stort fokus på lesing og leseopplæring. Kvar skuledag byrjar med 15. min stillelesing. Då les alle i si bok, og målet for timen er å få til ei konsentrert og god lesestund. I tillegg til at dette er verdifullt med tanke på lesing, er det også ein fin måte å byrja skuledagen på. Me har også veileda lesing to timer for veka. Då les me ukjent tekst, snakkar om vanskelege ord og kva teksten handlar om. Leseleksa ser me og på som ein viktig del i det å verta ein god lesar. Difor er det viktig at den vert gjort grundig til kvar dag. Her kan de som foreldre gjera ein god jobb med å lesa i lag med dei. På planen står det og 15.min stillelesing kvar dag. Utfordringa vert å finna lesestoff som motiverer til lesing.

På vår skule har me og noko som me kallar SOL. Det er eit kartleggingsverktøy som viser kor elevane står i leseutviklinga, og som gjev råd til vidare utvikling.

3. Vekeplan – fag

Elevane får ny plan kvar 14.dag. På framsida står det læringsmål for dei ulike faga, og på dei andre sidene finn de lekser, eigenvurdering og øveord. Øveorda har samanheng med emner i dei ulike faga og eigenvurderinga skal visa kva dei sjølv meiner å ha fått med seg.

Skuledagen byrjar med å presentera plan for dagen og mål for timen. Elevane veit då kva fag dei skal ha, og kva dei skal læra i timen. Når timen er slutt spør ein ofte om ein har nådd målet. For å få variasjon i

undervisninga har ein brukt smartboarden ein god del. Til no har me brukt den først og fremst i mattetimane og i temafag, og det synest elevane er kjekt. Då kjem ein ofte fram og løyser oppgåver.

4. Uteskule

Me har hatt mange fine uteskuledagar med mykje fint ver. For å få gode opplevelingar er det viktig med høvelege klede, og at ein har bytteklede og pose til å ta heim våte plagg. For å unngå at ein ikkje finn sine ting, er det viktig å ha namn på tinga sine.

5. Ymse

Me har bak oss ein fin sommar med mykje bading. Det har ført til at elevane har fått fin framgang i symjing. Då er det viktig at ein byggjer vidare på dette med å gå i bassenget på fritida. For skal ein verta ein god symjar, treng ein meir øving enn berre dei 10 gongane i bassenget.

6. Skule – heim samarbeid

Her fekk foreldra eit ark med spørsmåla: Kva ønskjer du/de å få informasjon om på neste foreldremøte? Kva har du/de behov for å samtala med andre føresette om? Er det spesielle tema du/de ønskjer fokusert og evt. diskutert på neste foreldremøte? Forslag til aktuelle saker.

Svara som kom inn etter gruppearbeid kan oppsummerast slik: Ønskjer informasjon om klassemiljø og kva dei ulike partane kan bidra med, korleis ein kan løysa konfliktar og korleis ein tek i mot nye elevar og inkluderer dei, vita meir om It's learning, meir info om temafag.

Ting ein vil snakka med andre føresette om er: Databruk – kva er ok?

Leggjetider, kvardagen, sunn mat, foreldrefest utan barn, justera seg mot andre, «alle andre får lov», miljø, besök på fritida.

På spørsmålet om fokus på spesielle tema ynskte ein å vita korleis elevane vert skulert i antimobbeprogrammet Zero.

Forslag til aktuelle saker var kven ein sit med/ valgfritt eller styrt, og korleis ein inkluderer nye elevar i friminuttane. På neste foreldremøte vil ein diskutera kva ein har gjort med tanke på klassemiljøet.

Dato for neste foreldremøte: 16.februar – 2015.

Austebygð skule 3.oktober 2014. Referatet er skrive av Oddvar Stang

Oddvar Stang